

# Årsmelding 2020 Vik Båtforening

Styret har siste året bestått av: Per Olav Geithus (st.medl.), Bjørn Moheim (kass.), Ola Svendsen (st.medl.), Bjarne Tjønn (sekr.) og Tore Røyrvik (St.form.).

Vik Båtforening hadde pr. 31.12.2020 ca. 60 medlemmar.

Styret har i perioden frå årsmøtet til 31.12.2020 hatt 5 styremøter og behandla 44 saker.

Styret har behandla og utført sakene som det nye styret vart pålagt av forrige årsmøte.

Dei viktigaste sakene i året har vore:

- Inndrivning av uteståande fordringar. Alle har no betalt. (Er kr. 0,- pr. 31.12.2020).
  - Oppgradering av landområde i hamna: Parkeringsplass for bilar, opplagsplass båtvogner, skilting og rekkverk mot sjøen.
  - Avtale med Vik Utvikling på plass.
  - Oppgradering av D-bryggja: Stramma fortøyningar, montert gangbru, lagt opp vannpost, montert pullertar, lagt ut nytt anker.
  - Vik Båtforening driftar gjestehamna.
  - Oppgradering av vannsystemet i hamna: Lekkasjealarm, tidsbrytar og nødopnar.
  - Låsbare portar ut på A og B/C bryggja.
  - Oppgradering av video overvåkinga. 3 kamera.
  - Straumforsyning til båtar i opplag på land er komme på plass. Skåp m/6 kursar og målarar på kvart uttak.
  - Brukt båtvogn er innkjøpt for bruk til landsetjing av større båtar.
- Pga. Coronasituasjonen vart dugnadsarbeidet utført av små grupper og enkeltpersonar.
- Styret oppmoda i info skriva om å melda seg til hamnesjefen om ein ønska å bidra med dugnadsinnsats. Det vart utført 95 dugnadstimar av medlemmane i 2020. Styrets dugnadstimar er ikkje medrekna.
- Bjarne Bjørnstad overtok att som hamnesjef frå 01.07.2020.

Vik i Sogn 07.04.2021

Styret i Vik Båtforening